	enkeltvedtak etter HOL, vert handsama av avdeling for tenestekoordinering. Vi har innført bustadmøte på tvers av sektorar/avdelingar. Vi drøftar nye møtearena ifht kva som er hensiktsmessig i høve utviklingsområde. Vi har satt ned eit tverrfagleg forbetringsteam innan sektoren. Vi arbeidar med ny kommunedelplan for helse og omsorg.	

5. Fokusområde organisasjon

Kommunen gjennomførde kommunekompasset på nytt i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Dette er bra, og nest best av alle kommunar mellom 5000-10.000 innbyggjarar, som har brukt kommunekompasset sidan 2010. Det er 12 beste plassering av alle målingar gjort i kommunekompasset i Norge.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.

Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnitt et.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn landsgjennomsnitt et	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
Alle sektorar	Gjennomføre Kommune-kompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåvene som ligg til det.	
Status:	Vart gjennomført i midten av mai.	Mange deltok på medarbeidardag.	HMS-grupper er i hovudsak på plass.	
	Gjennomføre samarbeids-prosjekt med Vanylven/Sande kommune.			
Status:	Herøy og Vanylven kommune har vedteken vertskommuneavtalar som var til politisk handsaming i november/desember			
Helse og omsorg	Rullering av helse og omsorgsplanen.			
Status:	Kommunedelplan for helse og omsorg vart lagt ut til offentleg ettersyn den 17. desember.			

Tertialrapportering Samfunnsutvikling

1. **Viktige hendingar frå september ->**
   - Nytilsett Gisingeniør starta september
   - Samarbeid med NAV der vi har inne personar for utføring av arkiv- og driftsoppgåver.

2. **Fokusområde økonomi**

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2016	3,70 % eks RDA	17.492.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
Rammekutt 1,75 %		
Alle	God budsjettdisiplin på drift. Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg. Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg. Redusere overtidsbruk Hente ut inntektspotensialet Restriktiv på innkjøp	Tiltaka for god budsjettdisiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.
Status: Kultur	150 063kr (Vakanse) – Kravet er oppfylt.	Alle avdelingsleiarane rapporterer i Agresso. Høg fokus på god budsjettdisiplin.
Utvikling	133 525kr (Vakanse og utleige) – Kravet er oppfylt.	
Anlegg og drift	143 675kr (Rammekutt) – Ligg an til å klare kravet.	
Brann	154 000kr (Interne overføringar og kjøpestopp) – Klarer ikkje kravet med dagens drift.	
Landbruk	55 265kr (Vakanse) – Kravet er oppfylt.	

3. Fokusområde teneste

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		
Alle sektorar **Status:**		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial. Avvik 3 tertial samla: 3 avvik Høg alvorsgrad: 0 avvik Middels alvorsgrad: 3 avvik Låg alvorsgrad: 1 avvik Avvika er stor grad knytt til internt/hms og er lukka per d.d
Samfunnsutvikling **Status:**	Gjennomføre brukarundersøking på utvalgte tenester i alle avdelingar i sektoren. Minimum 1 brukarundersøking pr.avdeling Byggesak har gjennomført brukarundersøking ved bruk av sms-undersøking. Ved første forsøk var det om lag 10% som svarte. Landbruk har ikkje gjennomført brukarundersøking. Kultur har ikkje gjennomført brukarundersøking.	
Status:	Gjennomføre samarbeidsprosjekt på tvers avdelingar i sektoren, minimum 3 prosjekt.	

	Anlegg og drift = Klatreparken / Solparken, Utvikling = Klatreparken, Solparken, Brann og redning = Kartlegging av risikoutsatte grupper saman med eigedom og pleie/omsorg. Gjeld i kommunale utleigebustader/institusjonar og heimebuande. Kultur = Skal- og sonesikring på kulturhuset saman med eigedom, Middagsombringing saman med pleie og omsorg, Den kulturelle spaserstokken saman med sjukeheimane. I tillegg: Adventsaktivitet i kunnskapsparken i samarbeid med UTV. Landbruk= utarbeide Klima- og energiplan i lag med Eigedom (Robert Myklebust ansvarleg) Arbeidet er ikkje starta på per 11.01.19.	

4. Fokusområde organisasjon:

Kommunen har gjennomført ei evaluering etter Kommunekompasset og Kommunebarometeret. I tillegg er det gjennomført endringar i den administrative organiseringa i kommunen.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.

Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet .	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
Alle sektorar	Gjennomføre Kommune-kompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåvene som ligg til det.	
Status:	Gjennomført Det er ikkje gjennomført møte for avdelingane utanfor rådhuset.		HMS-grupper er på plass. Herøy brann og redning har etablert HMS-utval og gjennomført møter i gruppen.	
	Samarbeidsprosjekt med Vanylven er i prosess.			
	Invitert Vanylven og Sande til drøfting av 5K landbruk			

Generell kommentar for område organisasjon er at kommunekompasset vert lagt til grunn i det strategiske arbeidet i sektoren.

Kulturavdelinga i regi av seksjon for kulturproduksjon har starta arbeidet knytt til planlagt omorganisering av drifta ved kulturhuset.

Kulturavdelinga i regi av frivilligsentralen har starta førebuing knytt til å vurdere framtidig organisering av frivilligsentralen.

Landbruk har etablert rutine med statusmøte kvar måndag på landbruksavdelinga for fokus på opplæring og sakshandsamingsfristar

5. Fokusområde samfunnsutvikling

.

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking.
Status 2017	8 957 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøkinga 2017.	Innbyggjarundersøkinga 2017.
Ambisjon 2021	10 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.
Resultatmål 2018	9 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.
Tiltak 2018			
Status:	Masterplan for reiseliv - Arbeidet er ferdigstilt og vert løfta fram for næringsforum og kommune for vidare utvikling.	Fokus på trafikksikringstiltak- Arbeidar med oppfølgjing av trafikksikringsplanen	Forankre serviceplakat. Avdelingar har gjennomgått og drøfta serviceplakaten. Kontinuerlig fokus og det er utarbeidd eigen «servicefilm»
	Tilrettelegge for bustadbygging(felt) ved kontinuerlig handsaming av reguleringsplanar	Trygg og forsvarleg beredskap på sentrale og viktige område i kommunen Kommunen har tilfredstillande beredskap	Forankre etiske retningslinjer- -ikkje gjennomført
	Tiltak knytt til byutviklingsprosjektet er m.a Solparken, Klatrepark, kryssing av hamna, Skarabakken Prosjekta er underarbeid.	Aktiv satsing på kulturtiltak - Kr. 100' frå kulturrådet til akustisk programserie på konserthuset (Andre tildeling i 2018) - Fleire gåver og tildelingar til jektenaust for «Anna Olava» - Tatt i bruk og forankra sjølvbetjente automatar hos lånarane ifm. lån og innlevering av medier ved biblioteket - Endra og forbetra drifta knytt til rekruttering av frivillige ifm «Natteravn» ordninga som fylgje av begrensingar i høve innføring av GDPR-lovverket. - Auka satsing på kulturtilbud for eldre gjennom Den kulturelle spaserstokken,	Forankre kjerneverdiane til organisasjonen Kontinuerlig fokus utover.

		herunder særleg te-dans på sjukeheimane laurdagar	
	Vidareføre kultursatsing i kommunen – vere med å gi tilbod, veiledning og tilrettelegging til alle aldersgrupper gjennom eit breitt kulturtilbod - Tysdagsaktivitet (kvar 14 dag) samt julebord i klubben for psykisk utviklingshemma. - Lesestund for barnehageborn, samt språkkafé for innvandrarar i samarbeid mellom biblioteket og frivilligsentralen. - Rusfrie arrangement for ungdom med nattcupar og fritidsklubb	Ta intiativ til samarbeid med ulike lag og org. - Planlegging av «Internasjonal julefest» i samarbeid med kyrkja, - «Jul på Herøy» i samarbeid med Herøy Mållag, Herøy Sogelag og Herøy Kystmuseum. - UNG-festival i regi av ungdomsrådet for ca. 250 ungdomar i samarbeid med fritidsklubben og unge MOTivatorar	Følgje opp kommunikasjonsplanen
	Revidere arbeidsgjevar-politikken	Gjennomføre næringslivsundersøking – ikkje gjennomført Har gjennomført prosjekt ift. Reiseliv og utarbeidd «reiselivsrapport».	KOSTRA-tala som er presentert viser at Herøy kommune bruker nesten heile sakshandsamingstida kommunen har til rådigheit i td. byggesaker. Dette skuldast i hovudsak korleis vi rapporterer og tala er lite truleg rett då vi ligg godt innanfor vår sakshandsamingstid på saker med både 3 og 12-vekers frist. Tiltak: Auka fokus på rapportering av KOSTRA tal og utrekning av sakshandsamingstid.
	Tilrettelegge for næringsetablering – Reguleringsarbeid på Eggesbønes	Følgje opp driveplikta i jordbruket. Fyrste steg er eit drøftingsmøte med næringsorganisasjonane i landbruket. (Bondelaga, småbrukarlag, sau- og geitealslag og villsaulag)	
	Delta på næringslivet sine møteplassar – ein møter der det er naturleg (Shippingklubb, HNF)	Gjennomføre «Hygge og nytte – møte» med gardbrukarane i Herøy og nabokommunane. Ein kombinasjon gjennomgang av	

		regelverk og triveleg fagprat.	
	Bedriftsbesøk Planlegg besøk til Tango Seaweed.		

6 Investeringsprosjekt

Investeringsprosjekt Samfunnsutvikling		
Nummer/namn	**Status***	**Planlagt ferdigstilt**
Avlaupsplan	**Delt i fleire prosjekt i tillegg til dei som står under**	**løpande**
Prosjekt 51704 - Slamavskiljar Nykrem	Avklaringsfasen	2019
Prosjekt Verket	Avklaringsfasen	2019
Prosjekt Bø / Arhaug	Avklaringsfasen	2019
Trafikktrygging	**Delt i fleire prosjekt i tillegg til dei som står under**	**løpande**
Vidareføring av gangveg i Skarabakken FV 654	Oppstart Januar 2019	1.halvår 2019
Prosjekt Intensivbelysning	Avklaringsfasen	2019
Prosjekt Nærøykrysset	Ferdig prosjektering, avklaring av vegen vidare.	2019
Byutviklingsprosjekt 2019	**Delt i fleire prosjekt i tillegg til dei som står under**	**løpande**
Ytre Almenningen	Avklaringsfasen	2019
Gangveg i sentrum	Avklaringsfasen	2019
Toalett i parken	Avklaringsfasen	2019
Parkering i Fosnavåg Sentrum	Avklaringsfasen	2019
Prosjekt - 51703 Solparken	Anbodsfasen	2019
Prosjekt 51212 Klatreparken	Utførelsesfase	Byggetrinn1og2
Anleggsprosjekt 2019	**Delt i fleire prosjekt i tillegg til dei som står under**	**Løpande**
Grøft for overvatn Huldalskrysset	Avklaringsfasen	2019
Prosjekt 70029 - Infrastruktur Nørvågen	Prosjekteringsfase	2019
Prosjekt 51211 - Bru til Vågsholmen	Prosjekteringsfase	2019
Infrastruktur Bø/Arhaug	Avklaringsfase	2019
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	Utførelsesfase	2019
Oppgradering av veg Kleppeåsen	Ikkje oppstarta	2019
Delutbygging av industriområde Eggesbønes	Utførelsesfase	2019
Dragsund Bustadfelt	Avklaringsfasen	Planlegging 2019
Nygjerdevegen	Utførelsesfasen	2019

Bru Herøy Gard	Avklaringsfasen	Planlegging 2019
Jektenaust m.m.	Avklaringsfasen	2019
Mjølstadneset næringsområde	Utførelsesfasen	

7 Planarbeid i Herøy kommune

Ein stadig aukande trend i plansaker er strengare krav frå regionalt hald til utgreiing. Mindre og mindre utgreiingar kan skyvast ut i tid (td. til byggesak). På reguleringsplan for Paradisbukta har det slått inn fleire krav til utgreiing enn det vi har fått tidlegare og fekk på td. deponi på i Fosnavåg hamn(indre og ytre, godkjent des. 2017 og feb. 2018). Nytt er krav om grunnundersøkinga for grunnstabilitet(boreprøver) og marint naturmangfald. I tillegg er dei «vanlege» krava til utgreiing til stades; terrestrisk naturmangfald, arkeologi, forureining(både under og etter anleggsfasen og forureining av sjø og land), trafikktryggleik, havnivåstigning, stormflo etc. Samstundes med at krava vert stadig strengare aukar også kompleksiteten i sakene. Truleg vil kommunene ha behov for å leige inn konsulentfirma til bistand i planarbeid i større grad enn det vert gjort i dag på grunn av strengare krav frå regionale myndigheiter.

Planarbeid Samfunnsutvikling				
PlanID	**Plannamn**	**Plantype**	**Off.-privat**	**Status**
201267	FV 654 Flusundkrysset - kryss mot Kvithaugsmyra	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201501	Reguleringsendring del av Eggesbøjordet	Reguleringsendring	Privat	Planforslag oppheva av Fylkesmannen
201511	Flusund brygge 27/2	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201514	Indre Moltumyr	Detaljregulering	Privat	Avslutta
201601	Masseuttak stein	Detaljregulering	Privat	Løyve til oppstart
201701	Øvre Flusund 27/1	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201702	Leikong bustadfelt med naustområde, B43	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201706	Kommunedelplan for Herøy - Hamneplan	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Under handsaming
201707	Detaljreguleringsplan Eggesbønes- Marine Harvest tomta	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming
	Igesund - Kleiva	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming
	Nerlandsøybrua	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming
	Mindre reguleringsendring Bergslia, vendehammar gnr. 30 bnr. 122	Reguleringsendring		Ikkje starta opp
	Reguleringsendring fortau Bergslibakken	Reguleringsendring		Under handsaming
	Reguleringsendring Bergshaugen nord (28/6	Reguleringsendring	Privat	Under handsaming
	Kleivaneset	Detaljregulering	Privat	Under handsaming

201505	Teigebogen	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201604	Strategisk næringsplan	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Under handsaming
	Interkommunal kystsoneplan	Kommunedelplan for areal	Offentleg	Under handsaming
201705	Elsebø 30/9	Detaljregulering	Privat	Til klagehandsaming
	Reiselivsanalyse	Temaplan	Offentleg	Avslutta
	Aspevika fritidsområde aust	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	Parkeringsareal Myrvåg gnr. 45 bnr. 66	Reguleringsendring		Ikkje starta opp
201804	Reguleringsendring Nærøya	Reguleringsendring	Privat	Under handsaming
	Runde Panorama	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201265	Kvalsund hamn	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming, regulert i Nerlandsøybrua
201402	Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Ikkje starta opp
	Frivilligplan for Herøy	Temaplan	Offentleg	Ikkje starta opp
201411	Herøy gard	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201602	Ytre del av Fosnavåg, byutvikling		Offentleg	Ikkje starta opp
	Parkeringsplass lysløype Leikong	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201309	Planfri kryssing Koppen	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201260	Gang-og sykkelveg Nykrem - Djupvik	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201254	Gang-og sykkelveg Frøystad - Torvik	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201312	Gang-og sykkelveg Moltu	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
	Gangveg Osen, Leikong	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201506	Røyra 19/85	Detaljregulering	Privat	Ikkje starta opp
201710	Kulturminneplan	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Under handsaming
201709	Reguleringsendring frå parkering til park/leik ved Valaker Fosnavåg	Reguleringsendring	Offentleg	Avslutta 3. tertial
	Reguleringsplan for Sandvika gnr 59 bnr 1	Detaljregulering	Privat	Gitt løyve til oppstart
	Reguleringsplan for Leite fritidsområde 26/10 og 26/18	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	Detaljreguleringsplan fortau Auto Marine - Spar Fosnavåg	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
	Mindre reguleringsendring Kvalsund	Reguleringsendring	Privat	Under handsaming
	Nedre Sørlia	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	KS 9 Bergshaugen	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	Budaneset fritidsbygg	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	Fritidsbustadar Runde	Detaljregulering	Privat	Sak om oppstart er ferdig
	Dragsund industriområde/småbåthamn	Detaljregulering	Privat	Oppstartsmøte er gjennomført

Kommunalt planarbeid med økonomiske løyvingar			
PlanID	**Plannamn**	**Status**	**Løyving**
201707	Detaljreguleringsplan Eggesbønes- Marine Harvest tomta	Ein reguleringsplan med stor kompleksitet og mange uventa utgreiingar i planfasen gjer at prosjektet har pådrege seg store kostnadar i planfasen. Mål om offentleg ettersyn i starten av 2019 og slutthandsaming i løpet av 2019.	1 250 000.- Forbruk per 31.12.2018: 1.057.131,-

Referatsaker

RS 9/19 Årsmelding for Eldrerådet 2018 Årsmelding for Eldrerådet 2018
10.01.2019 00:00:00

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2019/41
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/19	Eldrerådet	11.02.2019
9/19	Komite for helse og omsorg	13.02.2019
	Kommunestyret	

ÅRSMELDING FOR ELDRERÅDET 2018

Tilråding:

Årsmelding for Eldrerådet 2018, vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

1 Årsmelding for Eldrerådet 2018

Samandrag av saka:
Eldrerådet tek hand om interessene til eldre i Herøy kommune. Her legg dei ved årsmeldinga som viser aktiviteten i 2018.

Saksopplysningar:
Ein viser til vedlagde årsmelding for 2018, datert 10.01.2019.
Eldrerådet tek hand om interessene til eldre i Herøy kommune. Aktiviteten som eldrerådet har gjennomført er beskriven i vedlagte årsmelding.

Vurdering og konklusjon:
I tråd med nytt reglement skal årsmeldinga vedtakast i Eldrerådet, og sendast vidare som meldingssak til kommunestyret.

Fosnavåg, 10.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol

HERØY KOMMUNE

ÅRSMELDING FOR ELDRERÅDET 2018

I 2018 har Eldrerådet hatt desse medlemmane, som er valde for perioden 2015-2019:

NAMN	FUNKSJON	REPRESENTERER
Arve Moltubakk	Leiar	Indre Herøy Pensjonistlag
Terje Krogset	Nestleiar	Ytre Herøy Pensjonistlag
Solfrid Hagemann	Medlem	Indre Herøy Pensjonistlag
Magnus Remøy	Medlem	Ytre Herøy Pensjonistlag
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	Kommunestyret
Magnus Myklebust	Varamedlem	Ytre Herøy Pensjonistlag
Randi Ingeborg Almestad	Varamedlem	Ytre Herøy Pensjonistlag
Magna Jonette Remøy	Varamedlem	Ytre Herøy Pensjonistlag
Anna Aasmo	Varamedlem	Indre Herøy Pensjonistlag
Sofie Mere Arntsen	Varamedlem	Kommunestyret

Eldrerådet har hatt 8 møter i 2018:

15.01.18	12.02.18	12.03.13	14.05.18	11.06.06	27.08.18	23.10.18	06.12.18

Rådet har gitt følgjande uttalar/tilrådingar:

- **PS 3/18** Oppnemning av representant til styringsgruppa for arbeid med ny kommunedelplan for helse og omsorg
- **PS 8/18** Sal av kommunale bustadar - reinvestering i nye bustadprosjekt
- **PS 9/18** Flusund gravplass - utviding
- **PS 13/18** Innsparingstiltak
- **PS 14/18** Årsrapport 2017
- **PS 21/18** Reglement for Eldrerådet i Herøy kommune
- **PS 22/18** Kommunebarometer 2018
- **PS 28/18** Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 - Tredje handsaming

Eldrerådet har hatt 16 uttalar knytt til RS-sakar og andre sjølvstendig valte saker.

- **RS 1/18.** Uttale til planprogrammet
- **RS 4/18** Pasient- og brukerombudets årsmelding 2017
- **RS 5/18** Brev om eldreomsorga med grafar
- **RS 7/18** Framtidig lokalisering av gravplass
- **RS 9/18** Referat frå møte i ungdomsrådet 24.01.2018
- **RS 10/18** Referat frå møte i ungdomsrådet 21.03.2018.
- **RS 11/18** Referat frå møte i ungdomsrådet 18.04.2018.
- **RS 12/18** Referat frå møte i ungdomsrådet 23.05.2018.
- **RS 13/18** Referat frå møte i ungdomsrådet 18.06.2018.

- **RS 14/18** Referat frå møte i ungdomsrådet 19.09.2018.
- **RS 15/18** Referat frå møte i ungdomsrådet 21.11.2018.
- **RS 16/18** Reguleringsendring etter PBL § 12-14 - Gnr. 29 bnr. 32 - Oppstart av planarbeid
- **RS 17/18** Forvarsling av detaljregulering
- **RS 18/18** Varsel om oppstart: Reguleringsendring for del av Bergslibakken
- **RS 19/18** Rutine for høyring av råd og komitear i plansaker
- Uttale etter innlegg i Vestlandsnytt 08.06.2018 – uttale i eldrerådet 11. juni

Eldrerådet har fått orientering/medverke innanfor følgjande område:

- Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte ifht prosess kring sal av bustader/eigedom.
- Renathe Rossi-Kaldhol orienterte ifht prosess kring kutt/reduksjon tilsvarande 4 millionar i helse og omsorg.
- Eldrerådet var testpanel/brukarpanel for heimesida til Herøy kommune, i samarbeid med avdelingsleiar avd. for tenestekoordinering Gro Anette F. Voldsund og informasjonskonsulentar Iselin Øvrelid og Lillian Haddal.
- Informasjon om arbeidet med gravplasser v/Kyrkjeverje Marit Sævik Leinebø
- Orientering om velferdsteknologiens ABC v/ Tommy Dahl og Kathrine Torvik Eikenæs.
- Orientering om pågåande prosessarbeid knytt til å vurdere rehabilitering av helse- og omsorgssenteret i Herøy v/ eigedomsleiar Robert Myklebust og pleie og omsorgsleiar Siv Jensen.
- Renathe Rossi-Kaldhol orienterte om arbeid med ny kommunedelplan helse og omsorg.
- Pleie og omsorg si leiargruppe orienterte om st. mld. 15 «Leve hele livet».

Eldrerådet har hatt opplæring/kurs innanfor følgjande område:

- Leiar og nestleiar deltok på Eldrerådkurs i regi av Pensjonistforbundet 22.okt. 18.
- Leiar var representert på Fylkeseldrekonferansen 2018.

Eigne initiativ:

- Eldrerådet har satt i gang prosjektet «Sterk og stødig» i samarbeid med frivillige og Herøy kommune. Sterk og Stødig er eit gruppetreningstilbod. Treninga inneheld øvingar for å betre muskelstyrken og balansen, samstundes som ein får muligheita til å være saman med og trene med andre treningsglade seniorar. Tilbodet har eit helsefremjande fokus, og er eit førebyggande meistringstiltak.
- Eldrerådet har satt fokus på behovet for temaplanar i helse og omsorg, og har vore ein sterk pådrivar i forhold til mange tiltak som kjem fram i handlingsplanen i ny kommunedelplan for helse og omsorg.

HERØY KOMMUNE

Administrasjonen deltek i Eldrerådet sine møter og kan supplere med opplæring innanfor relevante fagområde, informasjon i pågåande saker og svare på spørsmål. Kommunalsjef for helse og omsorg har vore sekretær for Eldrerådet i 2018.

For Eldrerådet, den 10.01.2019

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2019/42
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
10/19	Komite for helse og omsorg	13.02.2019
	Kommunestyret	

ÅRSMELDING FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE (RFF) 2018

Tilråding:

Årsmeldinga for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF) 2018, vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

1 Årsmelding for menneske med nedsett funksjonsevne 2018

Samandrag av saka:
Rådet tek i vare interessene for menneske med nedsett funksjonsevne. Her legg dei ved årsmeldinga som viser aktiviteten i 2018.

Saksopplysningar:
Rådet tek i vare interessene for menneske med nedsett funksjonsevne. Aktiviteten som rådet har gjennomført i 2018 er beskriven i vedlagte årsmelding, datert 10.01.2019.

Vurdering og konklusjon:
Ein viser til vedlagde årsmelding for 2018, datert 10.01.2019. I følgje dei nye reglane for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, skal årsmeldinga vedtakast i rådet, før den vert sendt vidare som meldingssak til kommunestyret og fylkesrådet i Møre og Romsdal

Fosnavåg, 10.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol

HERØY KOMMUNE

ÅRSMELDING FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2018

I 2018 har rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF) hatt desse medlemmane, som er valde for perioden 2015-2019

NAMN	FUNKSJON	REPRESENTERER
Sølvi Voldsund Myrhol	Leiar	FFM - Foreningen for Muskelsyke i Møre og Romsdal
Karly Ingunn Teige	Nestleiar	Kommunestyret
Janne Remøy Endresen	Medlem	NFU- Funksjonshemmede Barns Familieforening Sunnmøre
Nina Breivik Bendal	Medlem	LHL - Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
Trine Gundersen Eiksund	Medlem	NHF - Norges Handikapforbund
Mona Høybakk Voldsund	Medlem	Herøy revmatikerforening - Norges revmatikerforbund
Svein Håvard Sævik	Varamedlem	FFM - Foreningen for Muskelsyke i Møre og Romsdal
Karl-Inge Voldsund	Varamedlem	NFU -Funksjonshemmede Barns Familieforening Sunnmøre
Sigmund Nymark	Varamedlem	LHL - Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
Hildur Lid Hole	Varamedlem	Herøy revmatikerforening - Norges revmatikerforbund
Solveig Katrin Dahlstrøm	Varamedlem	Kommunestyret
Johannes Kvalsvik	Varamedlem	NHF - Norges Handikapforbund

Rådet har hatt 6 møter i 2018:

15.01.18	21.03.18	08.05.18	13.06.18	05.09.18	23.11.18

Rådet har gitt følgjande uttalar/tilrådingar:

- **PS 4/18** Oppnemning representant til styringsgruppa for arbeid med ny kommunedelplan for helse og omsorg.
- **PS 7/18** Sal av kommunale bustadar - reinvestering i nye bustadprosjekt
- **PS 11/18** Innsparingstiltak
- **PS 15/18** Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF)
- **PS 16/18** Tertialrapport per 01.05.2018.
- **PS 19/18** Kommunebarometer 2018 PS 23/18
- **PS 23/18** Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 - Tredje handsaming

Rådet har hatt 5 uttalar knytt til RS-sakar og andre sjølvstendig valte saker.

- **RS-3/18** RFF sender spørsmål om handheving og skilting av parkeringsplassar for rørslehemma til fylkesrådet for likestilling i Møre og Romsdal.
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om å bli involvert i arbeid med å utbetre gangfelt v/Herøy kulturhus, som meldt inn av RFF i trafikktryggingsplanen.
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at Janne Remøy Endresen vert brukarrepresentant frå RFF i arbeid med klatreparken og solparken.

- RFF kom med uttale om forbetringsforslag til pleie og omsorg og bu og habiliteringsavdelinga
- **RS 14/18** Melding om vedtak - Ny behandling av sak om handheving og skilting av parkeringsplassar for rørslehemma.

Rådet har fått orientering/medverke innanfor følgjande område:

- Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte om prosess kring sak om sal av bustader/eigedom.
- Kommunalsjef Renathe Rossi-Kaldhol orienterte om prosess knytt til oppdrag å vurdere kutt/omstilling på 4 millionar.
- Janne R. Endresen og Karly Teige orienterte frå kurs i Molde. Dei ønskjer å arrangere kurs i Herøy for råda i 7-stjerna, fylkesrådet, tilsette og leiarar ifht plankompetanse.
- Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte i PS-sak 7/18. RFF såg positivt på at det var jobba med, og at nye og oppgraderte bustadar som er tilpassa forskjellige brukarar kjem på plass.
- RFF stilte spørsmål om støttekontaktar i kommunen og opplæring. Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol orienterte om dagens praksis. Forslag frå RFF om ei ny opplæring for støttekontaktar, vart teken i mot som eit godt råd.
- Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte om tilhøve ifht parkering og gangfelt ved Herøy kulturhus.
- Planleggar Tanja Rafteseth orienterte om status i byutviklingsprosjektet.
- Velferdsteknologiens ABC v/avdelingsleiar bu- og habiliteringsavdeling, Rose Marie Kvalsund.
- Status i arbeidet med -kommunedelplan for helse og omsorg v/Renathe Rossi-Kaldhol
- Fosnavåg Solparken klatrepark v/Eldar Hansen frå anlegg og driftsavdelinga

Rådet har hatt opplæring/kurs innanfor følgjande område:

- Konferansen for kommunale råd i Møre og Romsdal
- Fagdag om gode pasientforløp

Synfaringar:

- Til Bryggen på synfaring, og dialog med representant for anlegg og drift.

Kommunalsjef for helse og omsorg har vore sekretær i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i 2018.

For rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Renathe Rossi-Kaldhol, den 10.01.2019
Kommunalsjef helse og omsorg